



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Rapport

Årsrapport 2021

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen



Kolofon

Utførende institusjon

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Kontaktpersonar

Nasjonalparkforvaltarar Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

| Publikasjonsnummer | År | Sidetall | Opplag |
|--------------------|------|----------|--------|
| | 2022 | 32 | |

Utgiver

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Forfatter(e)

Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

Tittel

Årsrapport 2021 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Samandrag

Årsrapporten gjev ein oversikt over arbeidet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og aktiviteten i sekretariatet i 2021.

Forsidefoto

Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn la turen innom Jotunheimen da han besøkte nokre utvalde nasjonalparkar på rundreise i juli, Sognefjellet og Klimaparken – 14. juli 2022

Innhold

| | |
|--|-----------|
| 1. Verneområda – status | 5 |
| 1.1 Sentrale dokument | 5 |
| 2. Aktørar i verneområda | 5 |
| 2.1 Nasjonalparkstyret..... | 5 |
| 2.2 Nasjonalparkforvaltarar..... | 6 |
| 2.3 Naturoppsynet | 6 |
| 2.4 Andre sentrale myndigheter | 6 |
| 2.5 Brukarar – ferdselsteljing og brukarundersøkingar..... | 7 |
| 3.1 Møteverksemd..... | 9 |
| 3.1.1 Saker behandla med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48..... | 10 |
| 3.2 Økonomi..... | 10 |
| 3.3 Ulovlege tiltak - oppfølging | 11 |
| 3.4 Andre utval | 11 |
| 4. Aktivitet | 12 |
| 4.1 Informasjon, fagsamlingar, møte og synfaringar | 12 |
| 4.2 Skjøtsel og vedlikehald | 15 |
| 4.2.1 Jotunheimen Vest / Utladalen:..... | 15 |
| 4.2.2 Jotunheimen Aust:..... | 16 |
| 4.3 Tilrettelegging for friluftsliv og besökande i verneområda | 17 |
| 4.3.1 Stitiltak Besseggen, Utladalen og Galdhøpiggtien..... | 17 |
| 4.3.2 Utsiktspunkt Vettisfossen..... | 18 |
| 4.4 Arrangement i verneområda | 21 |
| 4.5 Randsonearrangement | 21 |
| 5. Vidare arbeid | 21 |
| 5.1 Revisjon av forvaltningsplanen | 21 |
| 5.2 Besøksstrategi..... | 21 |
| 5.3 Kartleggingsarbeid..... | 21 |
| 5.4 Implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker | 22 |
| 5.5 Verdiskaping..... | 23 |
| Vedlegg – fotoglimt 2021 Jotunheimen og Utladalen..... | 24 |

Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Miljødirektoratet oppnemnde styret for 2020-23 ved brev 03.03.2020, og styret konstituerte seg i møte 18. mars 2020.

Jotunheimen har to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster.

Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for den daglege drifta.

Årsrapporten gjev ei samla framstilling av arbeidet i nasjonalparkstyret og i sekretariatet, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen



Frå Koldedalen

1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltingssonar: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14.

1.1 Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01. juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og dei generelle unntaksheimlane i verneforskriftene er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet revidert 14.11.14. Endring om bruk av el-sykkel på Glitterheimvegen og Koldedalsvegen – vedtak 27.11.20.

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Revisjon av planen starta i 2004, parallelt med revisjon av verneforskriftene. Godkjenning av forvaltningsplan måtte vente på vedtak av nye forskrifter. Dette vedtaket kom først i november 2014. Utkast frå 2008 har vore brukt som rettleiande dokument i forvaltninga.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen (1998) og Gjendebu-området (2004). I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehova for både eksisterande og nye skjøtselslokaltetar for heile Utladalen. Nytt utkast til skjøtselsplan for Utladalen vart utarbeidd av Tanaquil Enzensberger i 2013. Arbeid med gjennomgang av denne, for formell godkjenning i tråd med gjeldande krav, starta i 2020. I 2011 gjorde Miljøfaglig Utredning ei fagleg evaluering av skjøtsel og utviklinga i Gjendebu-området, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane her.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Denne skal bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleveling, bidra til auka verdiskaping, og samstundes ta vare på verneverdiane. Besøksstrategien blir nå innarbeidd som del av forvaltningsplanen i revisjonsarbeidet. Arbeidet med revisjonen stoppa dessverre opp som følgje av unødig langvarig vakans i stillinga på vestsida i 2018-19. Revisjonsarbeidet starta opp att i 2020, og med utsending av formelt oppstartvarsel og prosjektplan den 09.07.2021. Med to forvaltarar på plass, forventast planen fullført i 2023.

2. Aktørar i verneområda

2.1 Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Styret for perioden 2020-23:

| Rolle | Ordinært medlem | Varamedlem | Representerar |
|--------------------|-----------------|----------------------|---------------|
| Leiar | Leif Solemsli | Kristin Bakke Lajord | Vang kommune |
| nestleiar | Marit Sletten | Rolv Enersvold | Lom kommune |
| styremedlem | Hilmar Høl | Anne Kauppi | Årdal kommune |

| | | | |
|--------------------|---------------------|------------------------|-------------------------|
| styremedlem | Ivar Kvalen | Marit Aakre Tennø* | Luster kommune |
| styremedlem | Harald Sve Bjørndal | Live Langøygard | Vågå kommune |
| styremedlem | Trude Brosvik | Aleksander Øren Heen * | Vestland fylkeskommune |
| styremedlem | Kjersti Bjørnstad * | Svein Håvar Korshavn | Innlandet fylkeskommune |

*Kjersti Bjørnstad og Aleksander Øren Heen vart oppnemnde som statssekretærar i Støre si regjering, og fekk fritak frå verva i oktober 2021. Marit Aakre Tennø gjekk ut av styret pga. flytting frå Luster kommune. Nye medlemmer for resten av perioden vart oppnemnde på nyåret i 2022. Varamedlem Svein Håvar Korshavn møtte fast for Kjersti Bjørnstad fram til nytt medlem kom på plass.

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Statsforvalteren i Innlandet og postadressa er:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, Postboks 987, 2604 Lillehammer

mail: sfinpost@statsforvalteren.no

2.2 Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, som skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda. Nasjonalparkforvaltarane er administrativt tilsette hos Statsforvaltaren i Innlandet og Vestland, men er underlagt Nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Statsforvaltaren har ingen instruksjonsrett når det gjeld forvaltarane sitt arbeid for styret, men kan i samråd med leiar av nasjonalparkstyret nytte forvaltarane til andre arbeidsoppgåver i embetet, ved behov og ledig kapasitet.

- Kari Sveen er nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Norsk Fjellsenter i Lom. Har vore i stillinga frå 2012.
- Eldrid Nedrelo er forvaltar med kontorstad på Luster rådhus i Gaupne. Ho kom frå tilsvarende stilling i Breheimen, og starta i Jotunheimen våren 2020.

2.3 Naturoppsynt

Naturoppsynt skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av Nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar. Gjennom bestillingsdialogen kan forvaltninga konkretisere særskilde oppdrag.

Statens Naturopsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovudområde. Kontorstad: Vang / feltkontor. SNO Jotunheimen og Utladalen har eit omfattande tenestekjøp, som omfattar både oppsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstypesamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. I 2021 er det kjøpt oppsynstenester frå fjellstyna i Lom, Vågå, Årdal og Vestre Slidre.

2.4 Andre sentrale myndigheter

Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. Kommunane har myndighet etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I fleire saker må brukarar innhente løyve både frå verneforskrifta og anna lovverk som plan- og bygningslova eller motorferdselslova. Kommunane har og overordna ansvar for arealforvaltninga, og god dialog er særleg viktig når det gjeld innfallsportane og randsonene til verneområda. Administrativt kontaktutval skal bidra til god kommunikasjon mellom administrative nivå for nasjonalparkforvaltninga og kommunane. Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. Fylkeskommunen har myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering. Miljøvernavdelingane hos Statsforvaltarane har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant. Statsforvaltarane har klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

2.5 Brukarar – ferdselsteljing og brukarundersøkingar


I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende turisthyttene, med tilhøyrande stinett. Attraktive turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande. I tillegg til fjellvandrarane er det grunneigarar, rettshavarar, bedrifter, lag og organisasjonar som brukar verneområda for næring, forsking/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT-hyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen og den private turisthytta Memurubu er større overnattingsbedrifter innan verneområda. I tillegg har ein den høgastliggende turisthytta på Fannaråken, den store sjølvbetjeningshytta Olavsbu og nokre mindre turisthytter i landskapsvernombordet. Vidare er ei rekke større og mindre bedrifter plassert ved innfallsportane og i randsonen, og det er fleire aktivitetsfirma /bedrifter som driv breføring, klatring og turguiding i og rundt verneområda.

Sentrale brukarinteresser er beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlaga i Lom og Vågå, Storådalen beitelag, Russdalen beitelag, Besstrondfjellet beitelag og Utladalen sameige nyttar beiteressursane innan verneområda. I Utladalen har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og grunneigarar ulike former for aktivitet og næringsverksemd.

Ferdselsteljing

Ferdselsteljar utplassert ved Vesløyfti på Besseggenruta viste 38497 passeringar i perioden 5. juni til 11. oktober 2021. Dette er ein liten nedgang frå 2020, da talet var 40270. Utviklinga følgjer same hovudtrekk som for Gjendebåten, som også hadde nedgang i passasjertal 2020-2021, samanlikna med åra 2020/2021. Gjendebåten har hatt redusert kapasitet pga. smittevernreglar som følgjer av Covid19.

Trafikktal Besseggen og Gjendebåten 2017-2021



| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|-------|-------|-------|-------|-------|
| Ferdselteljar Besseggenstien ved Vesløyfte | 54304 | 56599 | 54084 | 40270 | 38497 |
| Gjendebåten, samla passasjertal | 63228 | 67851 | 62909 | 47313 | 47577 |

Ferdselsteljingar og trafikktal ved turisthyttene viste i 2020 ein markant nedgang frå tidlegare år, som følgje av coronarestriksjonane. Også 2021 ligg lågare enn åra før pandemien.

Ferdselsteljar ved Knutshøe representerte eit unntak også i 2021, med nok ein auke frå året før. Det vart registrert **13.277** passeringar i perioden 5. juni til 12. oktober 2021, mot 11.392 passeringar i perioden 5. juni til 6. oktober 2020. Dvs. nok ein auke på nær 2000 passeringar. Med dette er trafikken nær dobla frå 2015/16 da det var mellom seks og sju tusen passeringar (6554 i 2016). Sterk marknadsføring av turen i sosiale media og store presseoppslag både i 2017 og 2018 gjorde at ein tok opp att teljingane i 2019, og den massive marknadsføringa på sosiale media bidrar truleg til trafikkauken. Ein masterstudent ved NMBU har i 2021 utført feltarbeid ved Knutshøe, for å finne ut kva haldning turistane har til det å leggje turen utanom den sårbare sesongen for fuglelivet.

I Visdal var det registrert 28 121 passeringar i perioden 05.06 – 05.10.20; ein liten nedgang frå 2018, da det var 31 850. Dette kan skuldast mindre trafikk som følgje av coronasituasjonen. Tala frå 2021 er noko usikre. Fjernavlesinga viste 22722 passeringar (05.06.-10.10.). Det kan sjå ut som om teljinga har vore mangelfull i eine retninga, så teljar må takast inn og sjekkast i direkte avlesing.

Ved Hjelle i Utladalen vart det i 2020 registrert i underkant av 60.000 passeringar, eller litt under 30.000 besøkande totalt. Det blir litt unøyaktige tal som følgje av biltrafikken og operasjonar i tilknyting til vegbommen der teljaren stod. I 2021 vart teljaren plassert i starten av stien opp frå Vetti gard mot Vettismorki, og viste ca. 3.700 passeringar i kvar retning i perioden 23. april – 8. oktober. Det vil vera interessant å sjå dette talet opp mot seinare registreringar etter at utsiktspunktet er fornva.

Teljaren i Helgedalen ved ruta til Fanaråken viste 21094 passeringar, mot 8 677 i 2020 (4/7-5/10) Ein del som går her, tek turen vidare og passerer ikkje punktet på returnen. Også i 2021 vart motbakkeløpet Fannaråken Opp avlyst.

Vanlegvis er det mange utlendingar som ferdast i Jotunheimen. Trass situasjonen med Covid19 har ferdelsen vore stor i Jotunheimen også i 2021. Det viser at veldig mange nordmenn har vald fjelltur. Med redusert kapasitet på turisthyttene og forventning om høg trafikk og fleire som ville velja telt, vart det saman med Norsk Fjellsenter laga ein kampanje om sporlaus ferdsel i 2020.



Brukundersøkingar

Analyser/rapportar frå brukundersøkingane gjev verdfull informasjon til bruk i forvaltninga.

I 2021 har NINA gjennomført ei undersøking på bruk av el-sykkel langs vegen inn til Glitterheim. Etter oppdrag frå Miljødirektoratet er det utført evaluering av eventuell effekt av forskriftsendringa som opna for el-sykling på den 7,5 km lange vegen inn til Glitterheim. Studien viser at sykkelregimet i all hovudsak fungerer godt sett i høve ivaretaking av verneverdiene, fordi ferdsla i dette området berre er transport knytt til sjølve vegen. Samstundes er det peikt på moglege brukarkonflikta mellom sykkel – el-sykkel – andre brukarar i området. NINA konkluderer med at det er oppslutnad blant brukarane om eit forholdsvis strengt regime for el-sykling i Jotunheimen nasjonalpark, med avgrensing til grusvegar.

Rapporten er tilgjengeleg frå nasjonalparkstyret si heimeside: www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen

Det vart også opna for bruk av el-sykkel for indre del av Koldedalsvegen, som er omfatta av det generelle forbodet mot motorferdsel. Det er såpass liten sykkeltrafikk her at ein ikkje fann det nødvendig med omfattande evaluering med bruk av eksterne konsulentar. I staden utførte forvaltninga i eigen regi feltregistreringar på tre dagar gjennom sommaren. Registreringane er oppsummerte i eit notat. Det vart ikkje registrert nokon på el-sykkel, og relativt få ordinære syklistar.

3. Arbeid i Nasjonalparkstyret 2021

Nasjonalparkstyret består av representantar med sentrale politiske verv, og dei fem kommunane har vore representert ved ordførar, varaordførar eller formannskapsmedlem. Møteplanen vore lagt opp med digitale møte, særleg i vinterhalvåret med stengde fjellovergangar og store reiseavstandar. Både i 2020 og 2021 førte coronarestriksjonane til at møta i stor grad har vore vart gjennomførde på Teams.

3.1 Møteverksemد

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har hatt 7 møte i 2021, og behandla 42 saker.

Det har ikkje vore møte i Arbeidsutvalet i 2021. Vi har heller hatt heile styret på Teams.

Forvaltarane har i medhald av delegert myndigkeit gjort administrative vedtak i 28 saker.

Kurante saker behandla administrativt har auka etter 2017, etter delegeringsvedtak i 2016 .

Møteoversikt 2021:

| | | |
|------|------------|---|
| 1/21 | 01.02.2021 | Teams |
| 2/21 | 15.03.2021 | Teams |
| 3/21 | 08.04.2021 | Teams |
| 4/21 | 11.05.2021 | E-postmøte |
| 5/21 | 07.06.2021 | Teams |
| 6/21 | 17.09.2021 | Felles styresamling med Breheimen og Jostedalsbreen i Jostedalen 16.17. september Samordna med møtet i Rådgjevande utval på Sognefjellet 15.-16. sept. |
| 7/21 | 15.11.2021 | Teams |

| Type saker | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|--|------------|-------------|------------|------------|-------------|--------|---------|-----------------|---------|------------------|
| Adm./generelt (Styre/AU) | 16 | 21 | 26/3 | 27 | 25 | 25/3 | 20/1 | 21/0 | 20/1 | 23 |
| Motorferdsel (Styre/AU/Adm.) | 18 | 22 | 8/1/4 | 14/5/4 | 15/10/3 | 13/2/7 | 7/2/20 | 2/1/14 | 4/2/19 | 3/0/22 |
| Tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.) (Styre/AU/adm.) | 8 | 6 | 11/2 | 11 | 9 | 4 | 5/0/2 | 9/0/0 | 5/0/1 | 2 |
| Konkurrsar / arrangement (Styre/AU/Adm) | 1 | 3 | 1 | 3 | | 6 /1 | 2*** | 2(1***) /0/1 | 2/0/2 | 1/0/1 |
| Generelle uttalar (styret/AU) | 2 | 1 | | 3 | 2 | 1 | 2/1 | | 1 | 5 |
| Vedtak/innspel planarbeid og vedtekter/reglar (styret/AU) | 3 | | 3 | 2 | | 1 | 0 | 4 | 2/2 | 4 |
| Økonomisaker (styret) | 4 | 3 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 | 5 | | 2 |
| Klagebehandling (styret) | 1 | | 0 | | 1 | 0 | 0 | 0 | | 1 (drone) |
| Andre saker. Frå 2017 hovudsakleg dronesaker (Styret/AU/Adm.) | 4 | | 1 | 3 ** | 1/ 7/ 1 | 7/7/4 | 4/0/16 | 4/1/10 | 4/0/7 | 0/0/5 |
| Verdiskaping, kommersiell logo | | | | | | | | 2 | | 1 |
| Sum | 57 stk. | 56 stk.* | 62 stk. | 74 stk. | 75 stk.* | 84 | 40/4/38 | 44/2/25 | 45/5/29 | 42/0/28 |

* 1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt ** Pilot innfallsport

*** Arrangement kombinert med motorferdsel eller dronebruk

3.1.1 Saker behandla med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48

Ein gjennomgang viser at til saman 18 saker vart behandla med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48 i 2021, jf. vedlegg 1.

5 av desse 18 sakene vart behandla av nasjonalparkstyret.

Blant dei 18 sakene var det gjeve 4 avslag, inkludert oppretthaldning av klage i ei klagesak.

6 av 18 saker gjeld bruk av drone.

10 av 18 saker gjeld motorferdsel.

4 av 18 saker gjeld overvaking i samband med forsking i regi av NINA/NIVA/UIB/Akvaplan-NIVA/NVE.

Fleire av sakene blir behandla etter denne heimelen pga. manglande spesifisert heimel i tilknyting til saker som bruk av dronar og dispensasjonar gjeve i forskingssamanheng.

Dette belyser behovet for betre tilpassa/spesifiserte reglar i verneforskriftene, jf. også funn i evalueringssrapporten frå Nordlandsforskning om lokal forvaltning.

3.2 Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det komande året i verneområda.

I 2021 vart det løyvd 1,625 millionar kroner til tiltak, og 675.00 kroner til skjøtsel på SNO-budsjettet.

| Tiltaksmidlar for 2020 (bestillingsdialogen) | Tildeling/ budsjett | Sum utgifter | Avvik | Gjennomføring, merknader |
|---|------------------------|--------------|---|---|
| Skjøtsel | 675 000 | | | Tildelt SNO |
| Slått på Skåri, Avdalen og Vetti | | 260 000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite heimre Utladalen | | 170 000 * | | Utført, SNO |
| Styving/rising av alm og lind, Utladalen | | 90 000 * | | Utført, SNO |
| Skjøtsel/krattrydding Guridalen | | 30 000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite ved Gjendebu / Storådalen | | 70 000 * | | Utført, SNO |
| Vegetasjonsrydding Gjendebu | | 10.000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite ved Gjendebu (geit) | | 20 000 * | | Utført, SNO |
| Slått av seterkve ved Gjendebu | | 25 000 * | | Utført, SNO |
| Stiarbeid | Budsjett | Rekneskap | | |
| Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen | 190 000** | 173 963 | Gjennomført utsette tiltak Besseggenstien | Sherpalag til stiarbeid på Besseggenstien. Utskifting kjetting/bolt Vesløyfye |
| Oppgradering av stien frå Vetti til Vettismorki | 100 000 | 84 150 | | Sherpalag utført muring på stien Vetti - Vettismorki |
| Informasjon/ tilrettelegging | | | | |
| Utsiktsplattform Vettisfossen, Forprosjekt/prosjektering | 1.000.000 | 1 053 903 | Ledige midlar sett av til utsikts- plattform | Eige prosjekt leia av Utladalen Naturhus etablert, for spleislag med fleire aktørar. Muligheitsstudie utført av Dronninga landskap 2020. Laserskanning, geoteknisk vurdering og forprosjekt utført 2021 |

| | | | | |
|---|------------------|------------------|--|--|
| Supplering av tiltak ved av innfallsportane | 180.000 | 178 725 | | Nye tavler Spiterstulen og Leirvassbu produsert. Utskifta skilt på Besseggen Rekkverk Sognefjellet. |
| Utsiktspunkt - namn på fjelltoppar Sognefjellet | 100.000 | 80 250 | | Sikteskive under arbeid |
| Temabrosjyre dyre- og planteliv | 50.000 | 50 000 | | Påbegynt, samarbeid med Norsk Fjellsenter |
| Diverse utgifter, drift | 5.000 | 1 920 | | P-plass Veodalen |
| Totalt rekneskap tiltaksmidlar, inkl. midlar forvalta av lokalt SNO* | 2.300.000 | 2 297 911 | | * Skjøtsel er skjematiske fordelt på deltakt etter fordeling i sak 12/2021. |

Ledige midlar sett av til arbeid med utsiktsplattform

| Drift og planarbeid, Ny nettside | | Budsjett | Rekneskap |
|--|--|----------------------------|------------------|
| Styret og utvala | Møteutgifter Rådgjevande utval, Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret, Redusert til 225.000 ved rapportering haust 2021 | 300.000 / 225.000 * | 233.477 |
| Planarbeid | Tenestekjøp (Forvaltningsplan, skjøtselsplan, brukarundersøking) | 150.000 | 146 198 |
| Evaluering El-sykkel – NINA-rapport | | 485.000 | 485.000 |
| www.jotunheimen.info publikumssider | Publikumssider på norsk, engelsk og tysk www.jotunheimen.info. Drift ved Trollbinde | - | 990 |

3.3 Ulovlege tiltak - oppfølging

Det vart anmeldt 3 saker om droneflyging: i Hurrungane, på Besseggen og på Glittertinden. Dei to første resulterte i bøteleggningar. Saka ved Glittertinden vart henlagt, da filmane vart fjerna frå netter, og det ville bli uforholdsmessig stort arbeid å prøve å finne identiteten til vedkomande som la ut filmane ut ifrå dei opplysningane ein kunne tolke av skjermdumpane. Brukarnamn tyda på ein utanlandsk aktør.

3.4 Andre utval

Rådgjevande utval var samla på Sognefjellshytta i Lom 15.-16. sept. Møtet 16. september vart innleia med ei kort synfaring rundt Fantesteinvatnet (biletet til venstre).

Administrativt kontaktutval og SNO deltok også i møtet. Medrekna forvaltarane og styret var det i alt 37 deltararar registrert på møtet 16.09.

Nasjonalparkstyret hadde deretter felles styresamling saman med styra i Breheimen og Jostedalsbreen, i Jostedalen 16.-17. september.



4. Aktivitet

4.1 Informasjon, fagsamlingar, møte og synfaringar

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen vara frå 2009 t.o.m. 2014. I 2015 var det ei innstramming i økonomien til verneområda, og det var ikkje ressursar til engasjement av naturrettleiar. Det er sterkt ønskjeleg med ei fast stilling i den mest brukte nasjonalparken i landet, for å sikre fagleg kontinuitet og betre tilbod både for tilreisande og for lokalsamfunna. Enkelte informasjonssenter har framleis naturrettleiar, og det bør arbeidast for å få ein fast ressurs for dette også i Jotunheimen. Informasjonssenteret Norsk fjellsenter har faste årlege opplegg for grunnskulane i Ottadalen, og har i tillegg besøk av mange tilreisande skuleklasser og studentar. Tilsvarande har det også vore fleire skulebesøk til Naturhuset i Utladalen.

Både SNO og nasjonalparkforvaltarane blir jamleg spurt om å informere på ulike arrangement, møte, seminar og i felt. Vi får også mange førespurnader frå studentar om intervju/informasjon knytt til bachelor- eller masterstudium. Mange (hovudsakleg utanlandske studentar) ønskjer også tilbod om praksisplass/hospitering, men dette har vi ikkje kapasitet til å følgje opp. Det er lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar.

Vi har også ein del besøk frå andre verneområde – både norske og utanlandske på studieturar.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og fagnettverk 2021

I tillegg kjem deltaking på diverse nettbaserte fag-webinar

| Dato | Kurs, konferansar, studieturar - Tema | Eldrid Nedrelo | Kari Sveen | Deltakarar |
|-------------------|--|-------------------|------------|---|
| 15. jan | Seksjonssamling Naturmangfald, SFVL | ENE | | Tilsette naturmangfald, SF-Vestland |
| 18. og 19. jan | Naturrestaureringskonferansen i regi av NINA (Teams) | ENE | | Forskarar, ulike fagmiljø og forvalting |
| 4. feb | Utvalsemodul i Elements | ENE | KSV | Forvaltarane i Innlandet, SFFA v/Bjørn Brudal |
| 16. februar | Nasjonalparkkonferansen 2022 (Teams) | ENE | KSV | Nasjonalparkforvaltarar, styremedlemmer, Mdir, Statsforvaltarartilsette |
| 16. mars | Kurs, NATSTAT – Bevaringsmål, Miljødirektoratet | ENE | | Forvaltarar Vestland |
| 15. april | Opplæring i Craft – nasjonalparkstyre.no – Miljødirektoratet, nye nettsider | ENE | KSV | Forvaltarar i heile landet |
| 6.mai | Webinar om Allemannsretten | | KSV | |
| 19. mai | Samling med SNO/oppsyn Jotunheimen. Norsk fjellsenter, Lom | ENE | KSV | Rigmor Solem, fjelloppsyn frå kommunar rundt Jotunheimen |
| 13.-14. august | Slåttehelg Gjendebu | | KSV | SNO, fjelloppsyn, beitelag |
| 25.-26. august | Nettverksamling nasjonale turiststier Odda (repr. for Besseggen som Nasjonal Turiststi) | | KSV | Medlemmer i nettverket, Miljødirektoratet, |
| 13.-14. september | Forvaltarsamling Innlandet med besøk i verneområda Sølen og Jutulhogget | | KSV | Nasjonalparkforvaltarane i Innlandet og tilgrensande område Trøndelag |
| 5.-6. okt | Forvaltarsamling Trondheim | | KSV | Miljødirektoratet, representantar frå verneområda m.fl |
| 15. okt. | Webinar Biotour - naturbasert reiseliv | | KSV | |

| | | | | |
|------------|---|-----|-----|--|
| 20. okt | Miljøfagkonferansen – Miljødirektoratet | ENE | KSV | Miljødirektoratet, representantar frå Fylkesmannen |
| 29.-30.nov | Embetssamling, Hamar | | KSV | SF-Innlandet |

Informasjonsoppdrag, foredrag, representasjon og arrangement

| Dato | Tema | Repr. |
|-------------|--|--------------------------|
| 12. mai | Informasjon om tilrettelegging og forvalting i verneområde med eks. frå Jotunheimen – Friluftslivsstudenter HVL, i samarbeid med forvaltar frå Jostedalsbreen NP | ENE |
| 1. juni | Opning av p-plass Hjelle v/ ordføraren i Årdal | ENE |
| 14. juli | Statsråd Sveinung Rotevatn på nasjonalparkbesøk. Jotunheimen og Breheimen | ENE, KSV, Leif Solemsli, |
| 15. juli | Jubileumsmarkering Gjendebu 150 år | KSV |
| 15. sept. | Informasjon om nasjonalparkforvaltninga og SNO – Studentar naturbasert reiseliv frå UMB, studietur m.a. ved Gjendeområdet | KSV, Rigmor Solem |
| Okt. | Presentasjon av Jotunheimen og nasjonalparkforvaltninga ved besøk frå Sølen verneområde – Norsk Fjellsenter | KSV |
| 5. okt | Fagsamling nasjonalparkforvaltning - Miljødirektoratet - <i>Evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker og andre store verneområder – Nordlandsforskning v/ Kari Sveen</i> <i>Forvaltningsutfordringar i Jotunheimen Eksempel frå Knutshøe Kari Sveen og Rigmor Solem, SNO</i> | KSV |
| 10.-11 nov. | Felles lagsamling land og nasjonalpark, SFVL. Tema forvalting av verneområde, innlegg Utsiktspunkt Vettisfossen | ENE |

Møte og synfaringar med eksterne partar

(utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte forvaltarane og lokalt SNO)

| Dato | Tema | | Andre |
|--|---|---------------|---|
| 5/1, 3./3, 10/3, 11/3, 17/3, 8/4, 14/4, 19/5, 23/8, 25/10, 4/11, 18/11, 22/11, 3/12 | Utsiktspunkt Vettisfossen | ENE, (KSV) | prosjektsekretariatet |
| 13/1 15/4 4/10 + synfaring | Utsiktspunkt Vettisfossen | ENE, (KSV) | prosjektgruppa |
| 13. jan | Stiarbeid Vetti – Vettismorki. Avklaring av ansvar for opprusting, søknad om finansiering | ENE KSV | DNT Oslo og Omegn, Utladalen Naturhus |
| 27. jan. | Besseggen som nasjonal turiststi, Workshop II | KSV | Nasjonalparkhagen v/ A. Meland, Prosjektgruppe Besseggen |
| 28. jan | Besseggen som nasjonal turiststi, møte Stronger Combined - transportløysingar Innlandet fk) | KSV | Nasjonalparkhagen v/ A. Meland, Leiars prosjektgruppe Besseggen |
| 4. feb | Utsiktspunkt Vettisfossen – Avklaring byggesøknad | ENE KSV | Årdal kommune, Utladalen Naturhus |
| 8. feb | Utladalen LVO | ENE | Årdal Utvikling |
| 8/2, 19/2, 12/3 | Utsiktspunkt Sognefjellet - Byggkvalitetsprisen | KSV ENE | Dronninga Landskap, søknad |
| 17/2, 25/2, 2/6 | Besseggen som nasjonal turiststi, Styringsgruppe, Besøksstrategi | KSV | Styringsgruppa |
| 18. feb | Visit Sognefjord - Masterplan | ENE KSV | Visit Sognefjord, forvaltarar andre vo. |
| 19./2, 20/5, 8/10 | Evaluering opning for el-sykkel etter to vegar – Miljødirektoratet | KSV ENE | Miljødirektoratet |

| | | | |
|---|--|--------------|--|
| 3. mars | Dialogmøte, faglig vurdering av mulige nasjonalparkområder – Miljødirektoratet | KSV ENE | Kommunane i Innlandet, SFIN, Miljødirektoratet |
| 9. mars | Geologirapport | ENE | Årdal Utvikling |
| 11. mars | Planlegging felles styresamling Jostedalen | ENE | Forvaltarar Vestland |
| 14. apr | Utsiktspunkt Vettisfossen - Vurdering av sårbarheit | ENE KSV | Kistefoss Skogtjenester, Utladalen Naturhus, SNO |
| 22/4, 25/5, 17/6, 24/8, 2/11, 24/11 | «Naturen i Sentrum» - Digitalisering av verneområde, Forvaltingsplanarbeid -- Miljødirektoratet, referansegruppe | ENE | Referansegruppa |
| 29/4 | Arbeidsgruppe UT.no | KSV | DNT, SF-Innlandet, Mdir. |
| 6. mai | Skilting til nasjonalparkar i Vestland | ENE | Statens Vegvesen Vestland, Vestland fylkeskommune, forvaltarane i Vestland |
| 12.mai | Styringsgruppe Bærekraftig reisemål – Nasjonalparkriket reiseliv | KSV | Styringsgruppa |
| 2/6 | Evaluering av forskriftsendring for bruk av el-sykkel i Jotunheimen | KSV (ENE) | NINA |
| 4. juni | Synfaring Vetti-Vettismorki – Stiarbeid - Prosjektgruppa | ENE KSV | Utladalen Naturhus, SNO, DNT, grunneigar |
| 18. juni | Synfaring Glitterheim, evaluering bruk av el-sykkel – NINA | KSV ENE | NINA |
| 21. juni | Administrativt kontaktutval, Teamsmøte | ENE, KSV | |
| 30. juni | Møte med grunneigar i Skåri, Utladalen LVO. Teams | ENE KSV | Grunneigar |
| 1. juli | Synfaring Fannaråken | ENE KSV | SNO, DNT-OO |
| 11. juli | Utsiktspunkt Vettisfossen, planleggingsmøte, status og framdrift, Dronninga Landskap | ENE KSV | Dronninga Landskap, Utladalen Naturhus |
| 13/8 | Synfaring – Utsiktspunkt Vettisfossen - Prosjektering | ENE | Dronninga Landskap DIFK Kosche, Tore Valstad, Utladalen Naturhus, SNO |
| 16.august | Synfaring Memurubu kraftverk -detaljplan | KSV, ENE | Memurubu turisthytte, Kleppconsult, NVE Styreleiar, |
| 1. sept | Utsiktspunkt Vettisfossen – Prosjektskildring og kostnadsestimat | ENE KSV | Dronninga Landskap, Utladalen Naturhus |
| 1. sept | Dispensasjon – Motorferdsel – Hydro Energi Årdal | ENE | Hydro Energi Årdal |
| 3. sept | Stiarbeid Vetti – Vettismorki, planleggingsmøte | ENE KSV | Utladalen Naturhus, SNO |
| 6. sept | Skjøtselsplan for Utladalen landskapsvernområde – Bevaringsmål og synfaring | ENE KSV | Tanaquil Enzensberger, SNO |
| 7. sept | Reguleringskonsesjon – Fortun – Grandfaste – Møte Statkraft (Teams) | ENE | Statkraft, NVE |
| 8. sept | Synfaring Styggedalen og Ringsdalen, NVE og Hydro m.fl – Reguleringskonsesjon Fortun – Grandfaste | ENE | NVE, Hydro m.fl. |
| 10. sept | Utsiktspunkt Vettisfossen – Presentasjon skisseprosjekt – Dronninga Landskap | ENE KSV | Dronninga Landskap, grunneigar |
| 2. oktober | Synfaring p-plass Hjelle i Utladalen | ENE | Årdal kommune, Utladalen Naturhus |
| 12. oktober | Digitalt møte. Organisering arbeid Utsiktspunkt Vettisfossen | ENE, KSV | Utladalen Naturhus |

| | | | |
|----------|---|--------------|--|
| 19. okt. | Besseggens som Nasjonal Turiststi - Evaluering Besseggenspatrulja – Vidare arbeid med besøksstrategi Vågå kommunehus | KSV | Vågå kommune, Oppland fylkeskommune, Norsk fjellsenter, AMK, politi /redningsteneste, Vågå fjellstyre, næringsdrivande |
| 3. nov | Skjøtselsplan for Utladalen LVO – møte med konsulent | ENE KSV | Tanaquil Enzensberger |
| 4. nov | Uttale Masterplan for Sogn – koordineringsmøte forvaltarane i Sogn | ENE | Forvaltarane i Sogn |
| 5. nov | Utsiktspunkt Vettifossen – orienteringsmøte | ENE KSV | Miljødirektoratet, SFVL |
| 5. nov | Utsiktspunkt Vettifossen – Søknad spelemidlar, Vestland fylkeskommune | ENE KSV | Vestland fylkeskommune, Utladalen Naturhus |
| 9. nov | Samarbeidsmøte, Hydro Energi | ENE | Utladalen Naturhus, SNO, forvaltar Breheimen |
| 9. nov | Stiarbeid Vetti – Vettismorki, søknad om midlar, koordineringsmøte | ENE KSV | Utladalen Naturhus, SNO, DNT Oslo og Omegn |
| 23. nov | Innspelsmøte – utvikling av Lom som berekraftig reisemål | CSV | Visit Jotunheimen |
| 23. Nov. | Styringsgruppe – Visit Jotunheimen – Berekraftig reisemål | CSV | Styringsgruppa |
| 23. nov | Utsiktspunkt Vettifossen, førehandskonferanse | ENE KSV | Dronninga Landskap, Årdal kommune, Utladalen Naturhus |
| 25. nov. | Vettifossen utsiktspunkt: presentasjon av foreløpige skisser og tankar | ENE KSV | Dronninga Landskap, DIFK Kosche AS, Utladalen Naturhus, grunneigar, SNO |
| 25. nov. | Rundebordsamtale om regional reiselivsstrategi. Google meet | CSV | Nasjonalparkriket m.fl. |
| 26. nov | Sårbarheitsvurdering Jotunheimen – Kistefos Skogtjenester | CSV ENE | Kistefos Skogtjenester |
| 1. des. | Besøkssenter Beitostølen – Orienterings-/diskusjonsmøte | CSV | Visit Valdres, Leif Solemsli, Øystre Slidre kommune |
| 7. des | Supplerande vern | CSV (ENE) | SFIN |
| 7. des | Planleggingsmøte for verneområda i Vestland | ENE | SFVL |
| 8. des | Dialogmøte DNT Oslo og Omegn. Teams | ENE, CSV | SNO v/ Rigmor Solem, DNT Oslo og Omegn (Reiten, Havik, Stenseng, With, Stoll,) |
| | Utsiktspunkt Vettifossen – Eigarskap til installasjon – Årdal kommune | ENE CSV | Årdal kommune, styreleiar nasjonalparkstyret |

4.2 Skjøtsel og vedlikehold

Kvar år blir det utført skjøtselstiltak i dei svært verdfulle kulturlandskapsområda i Utladalen og ved Gjende. Arbeidet blir administrert av lokalt SNO og ein del av tiltaka blir utført ved tenestekjøp frå fjellstyrta og lokale aktørar.

4.2.1 Jotunheimen Vest / Utladalen:


Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen, på oppdrag frå SNO og forvaltninga. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan. Dette omfattar slått av enger og beitepuss, slått kring alle tun, hogst og krattrydding. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau, og det var styrt beite med hest for å redusere behovet for slått. Spesielle skjøtselstiltak med styving/rising av alm, selje og lind er vidareført.

I 2020 er det sett av midlar til revisjon av Skjøtselsplan for Utladalen landskapsvernombordet. Det skal formulerast forslag til bevaringsmål og forslag til oppfølging med tiltak og overvaking for dei aktuelle naturtypelokalitetane i tråd med fagsystem for verneområdeforvalting, NatStat. Vegetasjonsrådgjevar

Tanaquil Enzensberger skulle fullføre arbeidet i 2021, men det er litt forsinka, slik at rapport kjem i 2022.
Deretter vil forslaget bli sendt på høyring.



VURDERING AV BEHOV FOR SKJØTSEL I VERDIFULL LINDESKOG I HJELLELIA.



NYLEG STYVA LIND.

4.2.2 Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebu-området baserer seg på skjøtselsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011. Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår slått av seterkvea for å fremje artar som kan gå attende ved sterkt beitetrykk (marinøkclar). Slått blir utført saman med Storådalen beitelag annakvart år. Skjøtsel med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009, og er vidareført i 2021. Fjelloppsynet i Lom har også i 2021 utført skjøtsel i bjørkeskogen i området.



Slåttehelg ved Gjendebu i 2021. Roald Ramen, gjeter for Storådalen beitlag, gjør ein innsats med slåmaskinen, medan dei firbeinte hjelparane tek seg av krattet

4.3 Tilrettelegging for friluftsliv og besøkande i verneområda

Tilrettelegging for friluftsliv og besøkande i Jotunheimen og Utladalen er høgt prioritert av nasjonalparkstyret. Som det går fram av kap. 3.2 Økonomi, var det sett av til saman kr. 290 000 til stiarbeid og ulike tiltak av tilrettelegging i 2021. Kvart år vert det utført rydding og ettersyn/vedlikehald av tidlegare utført tilrettelegging og grenseskilt og informasjonstavler. Arbeidet blir administrert av lokalt SNO, og ein del av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyrta og lokale aktørar. Supplement med droneskilt på innfartsårer blir gjort ved behov.

4.3.1 Stitiltak Besseggen, Utladalen og Galdhøpiggtien

Pga coronarestriksjonar fekk vi ikkje sherpaer til planlagde tiltak i 2020, men vi fekk inn eit lag hausten 2021 slik at stitiltak ved foten av Besseggen kunne gjennomførast. Det var utfordringar med helikoptertransport pga. skodde, men takka vere rask respons frå Årdal kommune for landingsløyve med helikopter fekk ein flytta mannskapet vestover til murarbeid på stien frå Vetti mot Vettismorki inntil flyværet vart tilfredsstillande ved Besseggen.



Stitiltaka blir leia av Rigmor Solem i SNO. Her er ho saman med sherpalaget frå Nepal.

Boltar og kjetting ved Veslløyfte på Besseggstien er skifta ut av autorisert firma på sikring, i samarbeid med fjelloppsynet i Vågå.

Lom fjellstyre har fullført tiltaket på Galdhøpiggtien frå Visdalens.

Utladalen Naturhus rydda nok ein gong nedre stigen mot Vettisfossen, men det er vanskeleg å forsvare årleg vedlikehald på ein sti som går inn i rasfarleg område. Dette både av omsyn til dei som skal utføre arbeidet og av omsyn til ansvar for å leie publikum inn i området.

4.3.2 Utsiktspunkt Vettisfossen

Dei siste to åra har arbeid med utsiktspunkt Vettisfossen hatt særskild prioritet både ved løyving av tiltaksmidlar og frå forvaltarane si side.

Utsiktsplattforma ved Vettisfossen var etablert lenge før området vart verna. Fotodokumentasjon viser at det var eit utsiktspunkt på staden allereie i 1912 (sjå foto).



Historisk biletarkiv(UIB) viser at det var ei utsiktsplattform på staden allereie i 1906, biletet frå historisk arkiv UiB, datert 12.08.1906.



Eksisterande plattform, foto frå synfaring med nasjonalparkstyret i 2019.

Sist det var gjort noko med plattforma var i 2002 og 2009. Då vart det utført enkle reparasjoner. Installasjonane i treverk er i så dårlig forfatning at nasjonalparkstyret meiner dei må erstattast av eit nytt anlegg. Vettisfossen har slik attraksjonskraft at ein ser fjerne som heilt uaktuelt. Bilete av eksisterande installasjon nedanfor illustrerer tilstanden.



Eksisterande plattform ved Vettisfossen.



Ein av plassane der folk går ut på kanten for å fotografere.




Treverk i gjerde og rekkrverket til plattforma er i ferd med å rotne. Det hastar med utbetring.



BEHOV FOR SIKRING – VEGEN PLASSERAST LENGER BAK

Ved årsskiftet 2020 leverte Dronninga Landskap AS i samarbeid med DIFK ein mulighetsstudie. Nasjonalparkstyret prioriterte ein stor del av tiltaksmidlane i 2021 til nytt utsiktspunkt, og i 2021 er det utført geologivurdering, detaljkartlegging, og prosjektering..

Laserskanning saman med geoteknisk vurdering av området sommaren 2021 viser at dagens sti og plattform dels ligg på eit overheng prega av sprekker og sleppesoner som representerer betydeleg svakheit i bergmassen. Dagens sti til utsiktspunktet (og del av ruta vidare til Skogadalsbøen) går langs juvkanten. I prosjektet har ein difor konkludert med at stien må flyttast lenger inn i terrenget til trygg grunn (sjå situasjonsplan nedanfor). Årdal Utvikling har gjeve bidrag til prosjektet i form av geologirapport, som m.a. viste behov for nærmere kartlegging av registrerte sprekksoner.



Kartutsnitt med plan som viser tiltaket (Dronninga Landskap, 2021). Eksisterande sti langs juvkanten ligg dels innanfor raud faresone og er føreslått lagt lenger inn i terrenget, bort frå juvkanten, fram til utsiktpunktet.



Illustrasjon av forslag til ny utsiktsplattform i cortenstål (Dronninga Landskap AS)

Gjennom forprosjektet er det tilrådd å arbeide vidare for ei plattform i cortenstål, som erstatning for eksisterande trerampe. Med ei slik løysing kan ein oppnå eit trygt utsiktpunkt, med minimalt vedlikehaldsbehov.

Formålet med tiltaket er å styre ferdsla i området på ein trygg måte og for å ta vare på verneverdiane:

- Unngå vegetasjonsslitasje i ein lokalitet av gamal furuskog med verdi A (nasjonal verdi)
- Unngå unødig forstyrring av hekkande rovfugl i eit større område langs juvkanten.

Arbeidet med utsiktpunktet er organisiert som eit prosjekt. Nasjonalparkstyret fungerer som styringsgruppe i prosjektet, leia av Utladalen Naturhus, og forvaltarane sit i prosjektsekretariatet saman med dagleg leiar i Utladalen Naturhus. Det er etablert ei prosjektgruppe som i tillegg til prosjektsekretariatet har representantar frå grunneigar, Årdal kommune, Utladalen Naturhus, og Statens Naturoppsyn Jotunheimen.

Arbeidet føregår også i tett dialog og samarbeid med DNT Oslo og Omegn, der DNTOO vil bidra både med finansiering og dugnadsarbeid ved nødvendig oppgradering og vedlikehald av stien mellom Vetti – Vettismorki.



Synfaring juni 2021 med representantar frå grunneigar, DNT OO, SNO, Utladalen Naturhus og forvaltarane for å vurdere nødvendige tiltak på stien frå Vetti til Vettismorki.



Kaffipause ved Storeselset på Vettismorki. DNT-OO har inngått avtale med grunneigar om å disponere Storeselset til sjølvbetjeningshytte på Vettismorki som erstatning for Ingjerdbu.

Prosjekteringen dannar grunnlag for bygging hausten 2022, føresett fullfinansiering av tiltaket. Ved sida av løyving av tiltaksmidlar frå nasjonalparkstyret er det søkt om eksterne økonomiske bidrag for gjennomføring av prosjektet.

4.4 Arrangement i verneområda

- 17. mai på Galdhøpiggen har vorte eit årvisst arrangement, utan motoriserte hjelpemiddel eller andre tiltak som krev dispensasjon.
- Nasjonalparkfestivalen «Under Storen», Utladalen 18.-20. juni 2021 Redusert omfang i 2020 og 2021 som følgje av coronasituasjonen.
- Bessegglopet vart arrangert den 19. juni 2021, med i alt 99 deltagarar. Av desse var 87 i konkurranseklassa og 12 i mosjonsklassa. Dårlig vær er nok forklaring på nedgangen i deltagartalet.
- Motbakkeløpet "Fanåråken Opp" vart avlyst både i 2020 og 2021 pga. coronasituasjonen
- Ultraløpet *Jotunheimen Ultimate Challenge* vart for første gong arrangert i 2021. 200 påmeldte, og 154 møtte til start. 92 fullførte løpet, men berre 82 kom i mål innan den fastsette fristen for godkjent løp.

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med gjennomførte arrangement.

4.5 Randsonearrangement

Randsonearrangement med lange tradisjonar vart endra som følgje av coronasituasjonen.

- High Camp, Turtagrø. Årleg arrangement med vårskiløping, som også går inn i nasjonalparken. Fri Flyt arrangerte i 2020 *Virtuell High Camp*, med foredrag og quiz. Grunna smitteverntiltak er det lagt opp til ein nedskalert festival med sterkt avgrensa deltagartal i 2021.
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsbu vart avlyst.
- Fjellfilmfestivalen ved Gjendesheim i september vart avlyst

5. Vidare arbeid

5.1 Revisjon av forvaltningsplanen

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008. Forvaltningsplanutkast med tilråding frå daverande Direktoratet for naturforvaltning i 2008 har vorte brukt som rettleiande dokument. I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga. dei mange endringane som kom til i prosessen da KLD sluttførte dei nye verneforskriftene, som vart vedtekne 14.11.14. Revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter starta opp i 2015, men var sett på vent i 2018, som følgje av langvarig vakanse i den eine forvaltarstillinga.

Melding om ny oppstart av revisjon, i medhald av nye verneforskrifter og nye føringer i overordna nasjonal politikk og naturmangfaldlova, vart sendt ut ved brev av 09.07.2021. Den nye forvaltningsplanen vil vera ein digital / nettbasert plan. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og gjeldande føringer får topp prioritet i 2022/2023, med mål om ferdigstilling innan 2023 ved utløpet av denne styreperioden.

5.2 Besøksstrategi

Jotunheimen og Utladalen vedtok den første besøksstrategien i 2012. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret, og vil vera ein del av forvaltningsplanarbeidet. Besøksstrategien vil bli oppdatert i tråd med ny mal, og vil bli samordna med eigen besøksstrategi for Besseggen som Nasjonal Turiststi.

5.3 Kartleggingsarbeid

Nye verneområda har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområda som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda. Frå og med 2021 skal nasjonalparkstyret setje konkrete bevaringsmål for

ønska naturtilstand innan nasjonalparken og landskapsvernombordet. Utfyllande kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrkt forvaltning fram i tid.

Rapport med sårbarheitsvurdering for rovfugl i Aust-Jotunheimen kom i 2015, og er supplert med tilsvarende dokument for Vest-Jotunheimen ved feltarbeid i 2018 og 2019. Bestandssituasjonen for jaktfalk vil bli fylgd opp vidare med registrering av utviklinga over tid. Dette er eit større samla prosjekt for Innlandet, men der også areala i Vest-Jotunheimen og Utladalen vil vera inkludert.

Det vart i 2016 utført arbeid med samanstilling av eksisterande kunnskap om villreinen i Vest-Jotunheimen, og supplement til grunnrapporten kom i 2017.

Fagnotat om sykling i verneområda er utarbeidd av Ingvild Øyjordet i 2016.

I 2021 vart det utført ei enkel kartlegging av status i området Knutshøe/Øvre Leirungsdalen. Kartlegginga har fokus på fugleliv og vegetasjonsslitasje langs dei mykje nytta stigane i området. Rapporten viser at det er merkbar slitasje på vegetasjonen, og fuglelivet er utsett for forstyrring.

5.4 Implementering av merkevaren *Norges Nasjonalparker*

Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen var ein av fire pilotar. Pilot utkikkspunkt Sognefjellet ved Sognefjellshytta viser den mest omfattande forma for innfallsport, medan andre sentrale startpunkt får nye informasjonstavler i tur og orden.

Status for innfallsportane i høve til ny merkevare:

| | |
|---|--|
| 2018 | Utkikkspunkt Sognefjellet opna 20. august 2018. Nye tavler i cortenstål langs Fv. 55 ved Krossbu og Turtagrø. Nye skilt på eksisterande tavler ved Juvvasshytta, Memurubu og Gjendebu. |
| 2019 | Nye infopunkt ved Gjende og Reinsvangen i samarbeid med Nasjonale Turistveger |
| 2020 | Skilt med nytt design på felles infopunkt med Vang kommune ved Bygdin |
| Påbegynt 2019/2020, ferdigstilling 2021 | Nye skilt på eksisterande stativ ved nasjonalparkgrensa mot Glitterheim, nye opplysningsskilt i cortenstål ved bommen i Veodalen. Årdal kommune har i 2020-21 utført omfattande opprusting av parkeringsplassen ved Hjelle, og ein har hatt eit godt samarbeid når det gjeld nye informasjonstavler om verneområdet. Tavlene kom på plass hausten 2020. |
| Påbegynt 2020, ferdig 2022 | Design og trykk av nye skilt ved Leirvassbu og Spiterstulen er utført 2020-21. Montering på eksisterande stativ blir utført i 2022 |



Nye tavler på parkeringsplassen ved Hjelle i Utladalen. Plassen vart formelt opna 1. juni 2021

5.5 Verdiskaping

Nasjonalparkstyret vedtok i møte november å innføre lokale retningslinjer for bruk av tilhøyrlogo for Jotunheimen som kommersielt merke. Aktørar som oppfyller dei sentrale krava, og som er lokalisert i ein av dei 5 kommunane for nasjonalparken kan søkje om tildeling av merket. Aktivitetsbedrifta Gjendeguiden i Vågå vart første bedrift som søkte og fekk tildelt merket. I 2021 vart også aktivitetsfirmaet Aktiv i Lom tildelt merket.



Vedlegg – fotoglimt 2021 Jotunheimen og Utladalen

18. juni - Glitterheim



**OPPSETTING AV KASSER FOR BRUKARUNDERSØKING OM EL-SYKLING PÅ VEGEN INN TIL GLITTERHEIM
FRÅ VENSTRE KARI SVEEN (FORVALTAR), VEGAR GUNDERSEN (NINA), KNUT VOLE (STYRAR GLITTERHEIM)
OG ODD INGE VISTAD (NINA).**

1. juli - Synfaring Fannaråken, DNT Oslo og Omegn, SNO Jotunheimen og forvaltarane



MOT TOPPEN



VURDERING AV PLASSERING AV NY UTEDO

14. juli: Statsråd Sveinung Rotevatn på besøksrunden til utvalde nasjonalparkar



MAI BAKKEN, NORSK FJELLSENTER, GUIDAR STATSRÅDEN OVER GANGBRUA PÅ FANTESTEINVATENT ØVST TIL HØGRE: ELDRID NEDRELO OG LEIF SOLEMSLI FÅR ORIENTERING OM TEMAUTSTILLING PÅ FJELLSENTERET AV DAG INGE BAKKE

15. juli: 150 årsjubileum ved den eldste turisthytta i Jotunheimen, Gjendebu



GEITEKILLINGAR OG SPELEMAND SAMLA SEG PÅ FJØSTAKET. STYRAR LARS ÅGE HILDE ØNSKTE VELKOMEN



GJENDINE-BUE



**SYNFARING I SAMBAND MED PROSJEKTERING AV NYTT UTSIKTSPUNKT VED VETTISFOSSEN MED
REPRESENTANTAR FRÅ DRONNINGA LANDSKAP, DIFK FLORIAN KOSCHE, TORE VALSTAD, UTLADELEN
NATURHUS, SNO OG FORVALTAR.**

16. august - Synfaring Memurubu Kraftverk



FRÅ SYNFARING KNYTT TIL DETALJPLAN FOR MEMURUBU KRAFTVERK, MED REPRESENTANTAR FRÅ KLEPP CONSULT, MEMURUBU, NVE, NASJONALPARKSTYRET V/STYRELEIAR OG FORVALTAR.





15. September: Rigmor orienterer studentgruppe frå NMBU – Ås om stitiltaka på Besseggenstien



16.-17. september Felles styresamling i Jostedalen



Norges nasjonalparker

Tekst om nasjonalparken, naturreservatet eller landskapsvernområdet. besøkssenter, verneområde- eller nasjonalparkstyre eller landsby.

Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

| | |
|----------------|--|
| Telefon: | 03400/73 58 05 00 Faks: 73 58 05 01 |
| E-post: | post@miljodir.no |
| Nett: | www.miljodirektoratet.no |
| Post: | Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim |
| Besøksadresse: | Brattørkaia 15, 7010, Trondheim |